



Arkivnr: 2015/12605-9

Saksbehandlar: Roald Breistein

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

### Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve Hordaland fylkeskommune

#### Bakgrunn for saka:

I samsvar med forskrift om revisjon (revisjonsforskrifta) § 12 skal oppdragsansvarleg revisor for kommunar og fylkeskommuniar ha ført ein heiderleg vandel. Oppfølging av dette kravet ligg til kontrollutvalet, jamfør merknader til nemnte paragraf. Jmf. revisjonsforskrifta § 15 skal oppdragsansvarleg revisor kvart år, og elles ved behov, gje ei skriftleg eigenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalet.

I møte i kontrollutvalet 21.6.16 vart det m.a. gjort slikt vedtak i sak PS 65/16:

*«Deloitte sender formell skriftleg melding til kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune om at Bjarne Ryland tek over som partner frå 1.7.2016. Denne vert å legge fram for utvalet i neste møte.»*

Vi har no motteke brev frå Deloitte dagsett 7.7.2016 I tråd med vedtaket over og dette ligg som vedlegg 1.

På bakgrunn av dette har ansvarleg revisor hjå Deloitte, Bjarne Ryland no sendt over eigenvurdering dagsett 15.8.2016, jf. vedlegg 2.

Deloitte har også vorte utforda på å legge fram opplysningar om ev. oppdrag ut over oppdrag frå kontrollutvalet. Sekretariatet har fått stadefesta frå Deloitte at slike opplysningar vil verta lagt fram i møtet.

#### Drøfting:

I kontrollutvalsforskrifta § 4 heiter det:

#### **«§ 4. Tilsyn og kontroll**

*Kontrollutvalget skal føre det løpende tilsyn og kontroll med den kommunale eller fylkeskommunale forvaltningen på vegne av kommunestyret eller fylkestinget, herunder påse at kommunen eller fylkeskommunen har en forsvarlig revisjonsordning.*

*Utvalget kan ikke overprøve politiske prioriteringer som er foretatt av kommunens eller fylkeskommunens folkevalgte organer.»*

Som det går fram av denne forskrifta har kontrollutvalet ansvar for å sjå til at kommunen har ei forvarleg revisjonsordning. Kontrollutvalet si handsaming av ansvarleg revisor si eigenvurdering inkl. opplysningar om ev. oppdrag ut over oppdrag frå kontrollutvalet, vil vera ein lekk i å sjå til at fylkeskommunen har ei forvarleg revisjonsordning.

Dei spesifikke lovheimlar om uavhengighet, jf. kommunelova § 79, samt forskrift om revisjon, §§ 13-14, er medtekne i eigenerklæringa.

Sekretariatet kan ikkje sjå at det framkjem opplysningar i eigenerklæringa som svekkar Deloitte sin ansvarlege revisor sin uavhengighet i høve Hordaland fylkeskommune. På bakgrunn av dei opplysningane om ev. oppdrag, ut over oppdrag frå kontrollutvalet som vert lagt fram i møtet, må kontrollutvalet gjera ei vurdering av om det eventuelt kan svekke uavhengigheta til Deloitte.

**Konklusjon:**

Ut frå innhaldet i eigenerklæringa, vert det tilrådd å ta denne til etterretning.

**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå ansvarleg revisor Bjarne Ryland, vedr. om Deloitte er uavhengig i høve Hordaland fylkeskommune, til etterretning.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

**Vedlegg**

- 1 Orientering revisor Hordaland fylkeskommune
- 2 Uavhengighetserklæring Hordaland fylkeskommune 2016